# Eigenerklæringsskjema for studentar IHA

NTNU

| | |
|---|---|
| Namn: | Fødselsdato (6 siffer): |
| Adresse: | Postnr. og poststad: |
| Tlf: | Studie og kull ved NTNU i Ålesund: |

| **MRSA: Alle spørsmål må svarast på.** | |
|---|---|
| Har du tidligare fått påvist MRSA utan å ha tatt tre negative kontrollprøver etter det? | Ja ☐ Nei ☐ |
| **Har du i løpet av dei siste 12 månadane:**<br>- Fått påvist MRSA (sjølv om kontrollprøvene etter det har vore negative)?<br>- Budd i same husstand som MRSA-positive?<br>- Hatt nærkontakt med MRSA-positive utan at du brukte anbefalt beskyttelseutstyr? | <br>Ja ☐ Nei ☐<br>Ja ☐ Nei ☐<br>Ja ☐ Nei ☐ |
| **Har du i løpet av dei siste 12 månadane vore i utlandet (unntatt Danmark, Finland, Island og Sverige) og:**<br>- blitt innlagt i helseinstitusjon?<br>- fått omfattande undersøking eller behandling i helsetenesta (brot på hud/slimhinne, kirurg- eller tannbehandling)?<br>- arbeidd som helsearbeidar, vore i praksis eller hospitert i helseinstitusjon?<br>- opphalde deg i barneheim eller flyktningleir?<br>- opphalde deg i utlandet meir enn 6 veker samanhengande og har symptom på hud-/ sårinfeksjon, kronisk hudsjukdom eller innlagt medisinsk utstyr gjennom hud/slimhinner? | <br><br>Ja ☐ Nei ☐<br>Ja ☐ Nei ☐<br><br>Ja ☐ Nei ☐<br>Ja ☐ Nei ☐<br><br>Ja ☐ Nei ☐ |
| **TUBERKULOSE: Alle spørsmål må svarast på.** | |
| Har du vore utsettt for tuberkulosesmitte i arbeid eller fritid? | Ja ☐ Nei ☐ |
| Har du i løpet av dei siste 3 åra opphalde deg samanhengande i 3 månader i land med høg førekomst av tuberkulose (sjå liste s.2)? | Ja ☐ Nei ☐ |
| Er du fødd/ oppvaksen i land med høg førekomst av tuberkulose (sjå liste s. 2)? | Ja ☐ Nei ☐ |

**Eg stadfestar at opplysningane som er gitt er korrekte.** Dersom eg på eit seinare tidspunkt blir utsett for smitte, pliktar eg å ta ansvar for å ta kontrollprøve, og få godkjent prøvesvar før praksisstart.

**Dato:** **Signatur student:**

**Dersom du har svart JA på nokre av spørsmåla, skal det dokumenterast av helsepersonell på dette skjemaet at du er undersøkt for Tuberkulose/MRSA før du startar i praksis (sjå info s. 2).**

**MRSA – prøver skal takast hos fastlege (evt. daglegevakt om du er frå eit anna fylke). Tuberkulosekontrollen skal takast på lokal helsestasjon.**

| **Fyllast ut av helsestasjon og/eller legekontor** (dersom du har svart ja): | |
|---|---|
| **Tuberkulosekontroll gjennomført og godkjent**<br><br>**Dato/stad:**<br><br>**Signatur:** | **MRSA-kontroll gjennomført og godkjent**<br><br>**Dato/stad:**<br><br>**Signatur:** |



Skjemaet er basert på Helse MR sitt skjema frå 23.09.22: EIGENERKLÆRING VED TILSETTING, PERMISJONAR OG ANNA FRÅVER – MRSA OG TUBERKULOSE

# Informasjon:

**Føremål:** Førebygge overføring/smittespreiing av tuberkulose og/eller antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) på praksisstaden.

**Krav om helseopplysningar er regulert i lov og forskrifter:**
«Lov om vern mot smittsomme sykdommer» (smittevernlova)
«Forskrift om tuberkulosekontroll:» § 3-1. Plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking.
«Forskrift om forhåndsundersøkelse av arbeidstakere innenfor helsevesenet – antibiotikaresistente bakterier.»

**For liste over land med høg førekomst av tuberkulose, dvs. pliktig tuberkulosekontroll, gå til:**
https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/tuberkulose/land-med-hoy-forekomst-av-tuberkulo/

**Tuberkulosekontroll:** Pliktig tuberkulosekontroll gjeld studentar som skal ha praksisstudier, og som kjem frå eller har opphalde seg i minst 3 månader samanhengande dei 3 siste åra i land med høg førekomst av tuberkulose. For andre er det ingen krav om tuberkulosekontroll, men du må svare på alle spørsmål.

Dersom du svarer ja på eit eller fleire spørsmål angåande tuberkulose, skal helsestasjon kontaktast for tuberkulosekontroll. Er du fødd/ oppvaksen i høgforekomstland og har dokumentasjon på at tuerkulosekontroll er gjennomført etter innkomst i Norge, bør du ta med denne til helsestasjonen. **Helsestasjonen kvitterer for at tuberkulosekontroll er gjennomført og godkjent på dette skjemaet. Skjema leverast praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund, som tek ein kopi. Originalen skal studenten behalde og ev. framvise praksisstad.**

Tuberkulosekontrollen skal takast på lokal helsestasjon/bustadskommunen. Du kan ikkje møte i praksisstudier før godkjent skjema er levert praksiskoordinator.

**Antibiotikaresistente bakteriar - MRSA-prøvetaking:**
MRSA = Methicillinresistente Staphylococcus Aureus.

Dersom du har svart ja på eit eller fleire spørsmål angåande MRSA, skal det dokumenterast negativt prøvesvar på MRSA i dyrking frå nasebore, hals og evt. frå opne sår og/eller eksemhud. Dersom du har piercing, ta prøve rundt innstikkstaden. **Legekontor kvitterer for at MRSA-kontroll er gjennomført og godkjent på dette skjemaet. Skjema leverast praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund, som tek ein kopi. Originalen skal studenten behalde og ev. framvise praksisstad.**

MRSA-prøver blir tatt hos fastlegen din (ev. daglegevakt om du er frå eit anna fylke). Du kan ikkje møte i praksisstudier før godkjent skjema er levert praksiskoordinator.

Dersom du bur saman med, eller har nær kontakt med MRSA-positiv, må du gi spesielt beskjed til studieprogramleiar og praksisstad.

**Plikt til oppfølging:** Studentar har sjølv ansvar for å teste seg seinare i studiet dersom han/ho kjem ut for situasjonar som krev slik testing. Resultatet må på same måte vere godkjent av helsestasjon/ legekontor før praksisstudiestart i det aktuelle semesteret.

Spørsmål om eigenerklæringsskjemaet rettast til praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund.